

## Til deg som er leiar på Landsleir 2018!



Landsleir 2018 er stolt og glad for at så mange medlemmer får sjansen til å delta på arrangementet vårt. Tusen takk til deg som tar ansvaret som leiar. Du gjer Landsleir 2018 mogleg!

### Takk for at :

- Du har sagt ja til å ta ansvar inntil 15 deltakarar
- Du kjenner deltakarane du har ansvaret for og dei kjenner deg
- Du set deltakaren sine behov framfor dine egne
- Du kjenner reglane for arrangementet godt
- Du formidlar informasjon til/frå dine deltakarar
- Du overheld reglane for arrangementet og går alltid framfor som eit godt førebilete
- Du er ein trygg person for deltakarane
- Du seier i frå dersom du ser at reglane for arrangementet blir brote
  - o Til deltakarane direkte, til den aktuelle leiaren eller til arrangementskomiteen (leirkontoret)
- Du seier frå dersom du observerer, får tips eller har mistanke om upassande oppførsel, mobbing, overskridande seksuell åtferd eller andre former for maktmisbruk eller overgrep.
- Du melder frå om skada eller sjuke deltakarar
- Du har gjennom heile arrangementet god oversikt over deltakarane du har ansvaret for
- Du søv saman med deltakarane du har ansvaret for
- Du møter på leiar møta: Sjå programmet
- Du set deg inn i beredskapsplanen (på nett frå uke 29)

### Registrering, informasjon, dugnadsoppgåver og tryggleik

Leirkontoret er eit informasjons-, administrasjon og beredskapskontor. Her kan du få melde frå eller spør om kva det skulle vere. Leirtelefonen har telefonnr.: 940 83 614

Dersom katastrofealarmen går er vår hovudinformasjonskanal til foreldre, føresette, presse og alle andre: [www.4h.no](http://www.4h.no)

Ved ankomst får kvar fylkje diverse informasjon, leirkort, armband samt deltakaroversikt. Alle på leirområdet skal ha leirkort på seg. Det er viktig at du melder frå dersom det er nokon av deltakarane dine som ikkje kjem likevel, eller som reiser heim i løpet av leiren. Vi skal alltid vite kor mange som er i leiren.

Det er viktig at de som er leiarar helse på kvarandre og støttar kvarandre. Dersom du reagerer på ein annan leiar sin oppførsel skal du melde frå til arrangementskomiteen. Alle vaksne leiarar søv saman med deltakarane i teltleiren. Det er leiarane som har ansvaret for at deltakarane held ro. Vakne nattevakter passsar på at alt er trygt og går med jamne mellomrom rundar både ute og inne. Dei ringer hovudleiar i fylkje dersom dine deltakarar ikkje vil roe seg.

Treng du ein kaffikopp eller bare to minuttar vaksentid? Vi har ein eigen leiarkafé, som blir godt merka.

**VELKOMMEN!**